

## DET FASTE PUNKTET

Livet består av endringar. Det er umogeleg å frysa livet, og få alt til å verta verande som det er. I løpet av månadane i Paris har eg vorte kjent med mange fine menneske. Eg har fått oppleva ein by med mykje vakkert i. Eg får smaka nye og gode matsortar. Og eg er så privilegert at eg får læra eit nytt språk. Alt dette er flotte ting, som eg er takksam for. Samstundes har eg sagt farvel til folk og ting eg er glad i i Noreg. Ting endrar seg. Eg veit at mange av venskapane eg startar her i Paris kjem til å ha avgrensa varigheit. Nokre av studentane har allereie reist til andre land for å jobba. Andre reiser i slutten av desember. For ein måned sidan mista ei av lærarane på skulen vår den 18 år gamle guten sin i ei trafikkulykke. Livet endrar seg heile tida. Det gjeld ikkje berre her i Paris. Ein veks opp, ein flyttar, utdanning og jobb fører oss til ulike stadar, familiar og relasjonar endrar seg. Før eller seinare møter me alle utfordringar, vanskar og sorg. Det er slik det er å vera menneske i denne verda.

Når eg reflekterer over dette forstår eg betre kvifor Bibelen fleire stadar held fram at Gud er uforanderleg. Han er det faste punktet. Han er alltid den same. Han har lova å vera med gjennom alle endringar. Meir enn dei fleste andre opplevde David at livet kan vera ei berg-og-dalbane. Som ungdom jobba han som gjetar. I løynd vart han krona til konge. Seinare jobba han som muskar ved kong Saul sitt hoff, før han gjorde karriere som soldat og vart folkehelt. Kong Saul freista å drepa han pga misunning, og David vart flyktning og geriljaleiar som sov under open himmel og i huler i fjellet. Seinare vart han konge, og måtte takla krigar, opprør, misnøye, kritikk og rivalisering innan familien. Det var aldri fred å få, og ofte hadde han ikkje kontroll over omstenda. Kanskje er det difor så mange av salmane hans handlar om å venda seg til Gud med alle vanskar og problem, og å stola på han:

***Herren er min styrke, deg har eg kjær. Herren er mitt berg og mi borg, min utfriar, min Gud, mitt fjell som eg flyr til, mitt skjold, mitt frelseshorn og mitt vern. (Sal 18,1-2).***

Gud er det faste punkt gjennom alle endringar, til slutt også gjennom døden og ut på den andre sida. I det siste har det skjedd tre ting som hjelper meg å hugsa dette midt oppe i alle endringane eg har opplevd denne hausten. For det første har eg funne ein kyrkjelyd der eg trivest godt. Det er ein liten luthersk kyrkjelyd som ligg i forstaden Noisy le Sec, nord aust for Paris. Kvar laurdag og ca. annankvar tysdag reiser eg dit og deltek på møter. Presten der er flink å undervisa, og det er eit genuint åndeleg liv blant folka der. Etter kvart som eg byrjar å forstå litt av språket har dette fellesskapet i Noisy le Sec vorte viktig for meg. Det hjelper meg å halda fokus på Gud også under språkstudiet. Det same gjer venskapen med ein klassekamerat som heiter Jim Shoberg. Jim er amerikanar med svenske aner, men er på tross av sin svenske bakgrunn både hyggeleg og intelligent☺. Han og kona Debby har jobba 14 år som misjonærar i Equador, deler av tida budde dei i jungelen, langt frå næraste by. No har dei tatt med seg sine 4 born til Paris, der dei skal leia eit team av amerikanske misjonærar. Jim og eg joggar saman ca ein gang i veka. I tillegg til dette møtest me kvar onsdag for å be saman. Venskapet med Jim er ein annan ting som hjelper meg til å ha Gud som det faste punktet mitt her i Paris. Elles er eg med som oppvaskhjelp på eit alpha-kurs (introduksjonskurs i kristen tru) i ei kyrkje i Massy. Etter kvart som eg byrjar å forstå litt av språket har også det vorte veldig spanande. Det er fleire personar utan kristen bakgrunn som er med på kurset, blant anna ein hyggeleg iranar som kjente Ayatolla Khomeini den gangen han budde i Paris.

Det var nokre refleksjonar frå Paris. Eg ønskjer dykk alt godt i BIC og har dykk med i bønene mine. Takk for bønene og støtta dykkar!

Venleg helsing Frode

TAKK FOR:

- At læringa av språket har gått såpass framover at dei rare lydane på ein mystisk måte byrjar å gjeva meining.
- At eg har funne ein kyrkjelyd eg kjenner meg heime i i Noisy le Sec.
- Venskapen med Jim Shoberg.

BE FOR:

- Det vidare språkstudiet
- Arbeidet til kyrkjelyden i Noisy le Sec, og forholdet mitt til dei og til Jim Shoberg
- Alphakurset i Massy